



# Laget rundt barn og unge

## *Årås skule i Austrheim*

Dette er historia om ein skule som har teke tydelege grep for å styrkje fellesskapet rundt elevane, og som gjennom det har forbetra både skulemiljøet for elevane og arbeidsmiljøet for dei tilsette.



Årås er ein barne- og ungdomsskule i Austrheim kommune. Skulen har hatt store utfordringar med uro i elevgruppene og mykje opplæring utanfor fellesskapet. Dette har dei tatt tak i gjennom aktivt utviklingsarbeid med mål om å utvikle «gode lag rundt barn og unges læring».

Skuleeigarrolla har vore ein viktig føresetnad for at Årås skule har lukkast i utviklingsarbeidet. Skuleeigarnivået har sett klar retning og tydelege mål, samtidig som rektor og profesjonsfellesskapet har fått nødvendig handlingsrom til å drive utviklinga skulebasert. Gjennom tett dialog, aktiv oppfølging og sikring av rammer og ressursar har skuleeigar bidrege til både framdrift og kvalitet — utan å detaljstyre.

Arbeidet starta hausten 2023, med eit tydeleg mål om å styrkje kvaliteten i den ordinære opplæringa og utvikle ein meir inkluderande skule. Dette har ikkje vore eit prosjekt for økonomisk innsparing, men eit arbeid for å bruke kvar krone betre gjennom målretta kvalitetsforbetring. Målet har vore kvalitetsutvikling — å byggje ein skule som blir betre i stand til å møte heile elevmangfaldet innanfor fellesskapet.

Målet med å fortelje denne historia er å formidle erfaringar frå endringsprosessar og gi inspirasjon til andre som ønskjer å utvikle eigen skule.

---

Vil du vite meir om prosessen ved Årås skule, fortel rapporten «Undervegsrapport om ein skule i utvikling» heile historia. Ta gjerne kontakt med Vikne Utvikling for meir informasjon.

[Les undervegsrapporten](#)